

Lindås Kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Ostereidet, 25.03.2015

Merknad til høyring – endring i vedtekter for kommunale barnehagar

Det er kome framlegg til endring av oppstart av barnehageåret frå medio august til 1. august. Etter gjennomgang av saksopplysningar i SU vil eg på vegne av Samarbeidsutvalet i Ostereidet FUS barnehage koma med følgjande merknader.

Mjuk skulestart

Barna som går hjå oss skal stort sett starta på Ostereidet eller Eikanger barneskule. Ved desse skulane er det ikkje open SFO før skulestart. Dei som skal ha 11 mnd. SFO har tilbod på Leiknes barneskule frå 1. August. Vi har forstått det slik at det vanlegvis er 4 av skulane i kommunen som har open SFO i 11.mnd.

Ein tenkjer at det då er betre at desse barna har tilbod i barnehagen, som er kjend for dei, framfor å forholde seg til endå nokre nye omgjevnader og vaksne. Denne tida er i utgangspunktet prega av endring. Vi har også planar i Lindås Kommune for å gjera overgangen mellom barnehage og skule så god som mogeleg. Sli vi ser det støttar ikkje dete tilbodet opp under planen om god overgang.

Ulik praksis i Kommunale og private barnehagar

Etter å ha sjekka med andre private barnehagar kjem det fram at det er to barnehagar som har start av nytt barnehageår 1. august. Desse barnehagane har feriestengt i juli.

Ferieavvikling/Tilvenning av nye barn

Barnehagebarna kan framleis ha ferie fram til medio august, bortsett frå dei barna som skal ta til på skulen. Dei må nytta ferien sin før nytt barnehageår tar til.

Denne endringa vil også føra til at det blir kortare tidsrom for personalet å avvikla ferie på. Då personalet skal ha 5 veker (nokre 6 veker) ferie i løpet av eit år, prøver vi å få avvikla så mykje som mogeleg av ferien om sommaren. Ferieavvikling når barnehagen elles er i full drift påverkar kvaliteten på tilbodet, samstundes som det er kostbart for barnehagen.

Dersom personalet skal avvikla ferie i august vil dette gå ut over tilvenninga for nye barn. Vi veit at tilvenningstida er ein sårbar periode i barna sitt liv, og det er viktig med faste rutinar, stabilitet og tryggleik. Ein kan då risikere at små barn får mange vaksne å forholde seg til dei første vekene i

barnehagen. Dette var ein av årsakene til at ein for ein del år sidan endra oppstart frå 1. august til medio august i barnehagar i Lindås.

Forslag frå SU i Ostereidet FUS barnehage

SU foreslår at ein kan leggja opp til meir fleksible løysingar i høve til betalinga av SFO ved start i 1. klasse. Ein ønskjer at det er mogeleg å betala ein halv månad med SFO i august det året barnet startar i 1. klasse.

Ein ønskjer også at barnehageåret startar måndag i veke 33. Og at ein startar med 2 planleggingsdagar. Dette vil etter vår meining bidra til ein forutsigbar start av nytt år, og ein vil komma foreldra i møte med tanke på dobbel betaling i august.

Vil også gjera merksam på at det vil vera svært seint med ei evt. endring i år. Dette fordi fristen for foreldre å melde ferie i dei aller fleste barnehagane er 15. april. Personalet får også vita sin ferie rundt 1. mai.

På vegne av SU i Ostereidet FUS barnehage

Ruth H. Jordal
Ruth Henanger Jordal, dagleg leiar